

Årsrapport frå sals- og skjenkekontrollen for 2021

Alkohol

I 2021 vart det gjennomført 847 kontrollar totalt av sals- og skjenkekontrollen (799 i 2020). Det var registrert 274 faste løyver (256 løyver i 2020).

Sals- og skjenkekontrollen har komme i mål med det talet kontrollar som skal gjennomførast i kvar kommune. Ein oversikt over alle kontrollane vert sendt til kvar einskild kommune.

2021 har likst med 2020 vore eit utfordrande år for skjenkestadane. Slik også for oss i skjenkekontrollen. Det har vore fleire begrensningar og restriksjonar for skjenkestadane også i 2021. Desse utfordringane har skjenkekontrollen og fått kjenna på. Det har vore nedgang av gjester og fleire stengte skjenkestarar i periodar pga nasjonale råd og reglar.

Me har i 2021 videreført tenesta å integrera smittevern i kontrollane våre, for dei kommunane som har ynskte dette. Me opplevde dette året at det vart ein del slitasje på smittevern kontrollane. Fleire av skjenkestadane var «leie» over stadigt skiftane reglar og manglande førutsigbarheit for drift. Gjestene var heller ikkje like lojale mot dei nasjonale anbefalingane som dei var i 2020.

Dei fleste ser no fram mot eit opnare 2022, forhåpentlegvis, tross fortsatt høg smitte i samfunnet.

Det har vore registrert få brot, og det er berre skrive få tilleggsrapportar.

Det er gjeve muntlege pålegg ved mindre brot t.d. ved reklame, feil eller manglar på prislister og manglande alkoholfrie alternativ. Desse manglane vert fulgt opp ved neste kontroll av stadane.

Me har heller ikkje i 2021 ikkje hatt kontroll av IK-Alkohol. Dette av smittevern hensyn. Dette vil me no ta oppatt frå ca 1 april.

Tobakk

Sals og skjenkekontrollen har gjennomført 254 kontrollar av tobakksal, som betyr at me nådde målet som er sett for tobakkskontrollen. Det var registrert 106 plassar som sel tobakk, men dette talet varierar gjennom året fordi ein salsplass kan komme til, medan andre forsvinn.

Det har ikkje vore skrivne nokon tilleggsrapportar på tobakk i 2021.

Generelt

Sals- og skjenkekontrollen har omorganisert noko på personalet i 2021. Underteikna vart formelt ansett som leiar frå hausten 2021 etter å ha fungert i 1 år. Me har i tillegg redusert 1 stilling som kontrollør frå 25 % til 15%.

Me har følgjande bemanning:

- 1 55% stilling som leiar
- 1 45% stilling som kontrollør
- 4 15% stillingar som kontrollør.

Det har i 2021 ikkje vore gjennomført nokre samrådingmøter. 1 var planlagt i desember, men vart avlyst grunna smitteutbrot. Dette møtet kjem oppatt no 2 mars 2022. Vårt mål er å få gjennomført 2

eller 3 samrådsmøter i 2022. Me er veldig nøgd med det samarbeidet som er i sals- og skjenkekontrollen. Kommunikasjonen mellom oss og kommunane har fungert svært bra, og me er nøgd med den informasjonen me får i høve løyvene.

Det er fortsatt ynskjeleg at me får melding om einskildløyver så tidleg som råd er. Dette for lettare å planlegga og målretta kontrollane.

Også i 2021 har me videreført linja vår med rådgjeving og dialog med løyvehavarane.

Me ynskjer å gjere løyvehavarane i stand til å utøve løyvet på ein rett og forsvarleg måte, noko me kjenner at dei også er interesserte i. Samstundes er me tydlege på at eit brot vil verta rapportert.

Me vil takke for den tilliten me får i oppdraget vårt. Me takkar for det gode samarbeidet, og gler oss til vidare samarbeid i 2022.

Med vennleg helsing

Nils Anders Bolstad

Avdeling alkohol og servering/ sals- og skjenkekontrollen